

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F752	Knut Øyjordet	02.06.20	20/20

## SØKNAD OM RIVING AV EIT BYGG PÅ SETRA OG OPPSETTING AV EIT NYTT BYGG – PER OVE RØE

### *Saksdokument:*

1. Søknad frå Per Ove Røe av 27.04.20.
2. E-post frå Statskog av 28.04.20 til fjellstyret.
3. Brev frå fjellstyret av 04.05.20 til fylkeskommunen, avdeling for kulturarv.

### *Saksutgreiing og vurdering:*

Per Ove Røe, som har seter i Bønleslie, søker om å erstatte eit ystarhus på setra med eit gammalt restaurert lafta bygg frå 1819. Ystarhuset som han har tenkt å rive, og som har forfalle ein del, er eit vanleg «plankebygg» frå 1930-talet. Det gamle lafta stabburet, som han har restaurert, vil bli sett opp på same tomt og skal også nyttast til lagringsplass. Båe bygga er på ca. 15 m<sup>2</sup>. På setra elles står det ei seterstue på ca. 60 m<sup>2</sup>, ei seterstue på ca. 20 m<sup>2</sup>, eit fjøs på ca. 39 m<sup>2</sup>, ei løe på ca. 25 m<sup>2</sup> og eit uthus (stall) på ca. 13 m<sup>2</sup>.

Seterkvea har vore bortleigd dei siste tre åra, og den er såleis definert «ikkje i bruk» etter reglane i seterforskrifta. Søknaden må difor behandlast etter § 11 i forskrifta «Om hus på seter som ikkje er i bruk og ikkje er fallen i det fri». Sidan det dreier seg om å rive eit bygg på ei seter må det innhentast uttale frå «regional kulturstyresmakt». Søknaden vart difor sendt til fylkeskommunen, men det har ikkje kome merknader til saka. Etter reglane i forskrifta er det slik at fjellstyret behandlar søknaden, og sender saka med vedtak til Statskog, som gjer søkjaren kjent med vedtaket. Sjølv om setra ikkje er definert «i bruk» og det ikkje dreier seg om «vanleg» vedlikehald, så skulle søknaden likevel vera grei. Det dreier seg om å erstatte eit plankebygg som har forfalle ein del med eit restaurert gammalt stabbur på ca. same storleik, og som skal nyttast til lagringsplass. Det vil passe fint inn i bygningsmiljøet på setra fordi tre av dei fem andre bygga også er lafta.

**Vedtak:** I medhald av § 11 i ”Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane” får Per Ove Røe løyve til å rive ystarhuset på setra og setje opp eit gammalt restaurert lafta bygg på same tomt slik det vert søkt om. Løyvet er ikkje å oppfatte som byggjeløyve etter plan- og bygningslova, og det må såleis innhentast løyve frå kommunen.

*Rett utskrift. Går til:* Statskog v/Hilde Hammer

*Kopi til:* Per Ove Røe

Etter fullmakt

Pål Grev (sign.)  
Fjellstyreleder

Knut Øyjordet  
Dagleg leder

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no